



Roy Øksnes
Øksnes
5943 Austrheim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9736 - 22/18099

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
02.03.2022

Orientering om vedtak om midler til landbruksføremål i Austrheim kommune for 2021 – GBNR 161/10 - Landbruksveg

Austrheim kommune viser til søknad av 20.22.2021

Bakgrunn i saka

Roy Øksnes søkte om tilskot til landbruksføremål 20.11.2021. Du søker om totalt 57 250 kroner i tilskot til restaurering og grusing av gammel landbruksveg for rydding, beiting med sau og turveg. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 114 500 kroner.

Vegen er smal og utvaska og består av grovstein. Det er ønske om å utbetra vegen slik at ein kan komma inn i området med lett traktor og liknande. Vegen gjev tilkomst til område der søkar held på med rydding og planlegg gjerdning og beiting med sau. Dette er i tillegg tilkomstveg til mykje brukt turløype i Øksnesmarka.

Grunngjeving for vedtaket

Det kommunale tilskotet til landbruket skal leggja til rette for og styrkja landbruksdrifta i Austrheim, og vera til hjelp i samband med investeringar på bruk som mottok produksjonstilskot, eller andre tiltak som fremjer landbruket i kommunen.

Formannskapet har i vedtak av 03.02.2022 løyvd midler til landbruksformål i Austrheim kommune for 2021, etter innstilling frå felles landbrukskontor for Alver, Austrheim, Fedje og Modalen. Orientering om vedtaket vert sendt ut av felles landbrukskontor/ Alver kommune, på vegne av Austrheim kommune.

Gode landbruksveger er viktig for drift av jordbruksareal. Vegen vil og tilrettelegga for allmenn ferdsel. I tråd med retningslinjer for tildeling av midler til landbruksføremål i Austrheim vert landbruksvegar støtta med maks 50% av kostnadsoverslag.

Vedtak

Austrheim kommune har vedtatt å løyve inntil kr 57 250 til Roy Øksnes til restaurering og grusing av landbruksveg som omsøkt.

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.03.2025

Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak	Kostnad
Restaurering og grusing av landbruksveg	114 500
Tilskot 50% av kostnad	57 250

Rapportering og utbetaling

Før tilskot normalt kan utbetalast, må tiltaket vera gjennomført, og det må liggja føre skriftleg stadfesting på dette/gjerne med foto av gjennomført tiltak. For større tiltak kan det òg krevjast godkjent rekneskap. Rekneskapet bør settast opp slik at det kan sammanliknast med kostnadsoverslag i søknad.

Delutbetaling av tilskot kan etter søknad betalast ut tilsvarande i prosent av det som er gjort ferdig av det totale tiltaket, som det er gjeve tilskot til. Delutbetalinga sin storleik avgjer landbrukskontoret. Når arbeidet er ferdig, eller delvis ferdig skal felles landbrukskontor ferdiggodkjenna tiltaket, og sørga for at det er levert inn timelister og kopi av faktura. Felles landbrukskontor sender skriftleg brev om at utbetaling kan skje til Austrheim kommune som betalar ut tilskotet.

Sluttrapport med rekneskap, kopi av faktura, timeliste og foto som syner utført tiltak sendast til post@austrheim.kommune.no

Mislegghald

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtta, kan Austrheim kommune avgjera at tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis. Krav om tilbakebetaling av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 5 år etter utbetaling.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Roy Øksnes

Øksnes

5943

Austrheim

Mottakarar:

Roy Øksnes

Øksnes

5943

Austrheim